



Sweco Norge As
Marie Silkeborg Brolev
Postboks 80 Skøyen
0212 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5609 - 22/57004

Saksbehandlar:
Rolf Raknes
rolf.raknes@alver.kommune.no

Dato:
14.07.2022

Høring for reguleringsendring Plan RV 565 Tolleshaug-Soltveit, med arm til Manger, PlanID: 1260 2006 000800

Eining for Plan og analyse har motteke dykkar førespurnad om planfagleg uttale.

Bakgrunn

Saka gjeld høyring for mindre reguleringsendring Plan RV 565 Tolleshaug-Soltveit, med arm til Manger, PlanID: 1260 2006 000800

Planstatus

Endringsområdet ligg i eit areal som har arealføremål LNF etter gjeldande Kommuneplan for tidlegare Radøy kommune, no kommunedelplan i Alver kommune. Området er ikkje omfatta av reguleringsplan.

Planfagleg uttale

Omsynet bak arealføremålet LNF vert her ikkje vesentleg tilsidesett då det som beskrive i høyringa ligg mellom eksisterande infrastruktur og har liten verdi for LNF føremålet. Det er heller ikkje påvist naturmangfaldsverdiar, kulturverdiar i området.

Det er framstår klårt, gjennom grundig detaljprosjektering av veganlegget, at ei best mogeleg løysing for påkopling mellom ny og gamal veg må gå føre omsynet til LNF her.

Omsynet til denne påkoplinga vurderast til å føra til ei mindre vesentleg endring av ein stor og omfattande reguleringsplan for ny veg frå Tolleshaug til Soltveit. Det er også grunn til å tru at det kan ta år før neste del av dette vegprosjektet vert realisert (Tolleshaug – Marås). Då er det av den grunn viktig at påkoplinga i Maråsområdet vert best mogeleg i mellomtida.

Det er ei føresetnad at grunneigar og grannar til endringa vert varsla og ikkje har motsegn for at endringa kan skje som mindre vesentleg endring, om ikkje må endringa gjerast gjennom full planendringsprosess.

Tilråding

Plan og analyse rår på bakgrunn av ovannemnde til at det vert gjennomført mindre endring av reguleringsplan for RV 565 Tolleshaug-Soltveit, med arm til Manger, PlanID: 1260 2006 000800. Dette føresett at grunneigarar og grannar til endringa ikkje har motsegn i ei avgensa høyring.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Rolf Raknes
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Kristin Nåmdal

Mottakarar:
Sweco Norge As

Postboks 80 Skøyen

0212 OSLO